

Nyhetsbrev 2023 16

November 2023

SMIL og drenering – fortsatt midler igjen

Det er udisponerte midler både på SMIL-ordningen og på dreneringsordningen, men kort tid igjen til å sende inn på. Søknaden bør være kommet inn til oss 25. november for at vi kan nå å få den med. Vi ser gjerne flere søknader.



Ta kontakt for en prat dersom du tror du har en sak. Følgende tiltak er aktuelle å søke på:

- Restaurering av steingarder eller andre kulturminner
- Tak på gjødsellager
- Tiltak i vassdrag, erosjonssikring, kantvegetasjon, habitatforbedring, fangdammer
- Kystlynghei
- Biologisk mangfold, fuglehabitat, verdifulle areal, trua arter
- Turveier og parkering, informasjonsskilt
- Drenering
- Andre tiltak kan også være aktuelle.

Søk investeringsmidlar no!

Innovasjon Norge Rogaland seier dei no gjerne vil ha inn søknader om investeringsmidlar for byggeprosjekt for 2024. Har du planar om å bygge og vil søkje, er det bare å gje gass, og få inn søknaden.

Webinar 30.11. om investeringsmidlar i landbruket 2024

Det vert webinar (nettmøte) 30.11. 2023 kl. 10.00-11.30 der du kan delta for å høyre kva bøndene i Rogaland kan søkje Innovasjon Norge om i 2024. [Les meir og påmelding.](#)

Prioriteringar investeringsmidlar Innovasjon Norge 2024

Dei endelege prioriteringane for bruk av investeringsmidlane som Innovasjon Norge forvaltar til landbruket kjem tidleg i 2024. Men fylgjande vil verte vidareført frå i år:

- fokus på mjølkekufjøs for inntil 30 kyr med basis i eiga kvote og eige grovfôrgrunnag.
- mogleg å søkje om midlar til sau og kjøttfe for bruk med eksisterande produksjon der fokus ligg på dyrevelferd – ikkje oppstart av ny produksjon eller auka produksjonsvolum
- grønnsaker og bær
- investeringar knytta til overgang til SPF gris
- nye næringar, som reiseliv og lokalmat

Auka tilskotssats til investeringar til storfeproduksjon

Tilskotssatsen i [forskrift om midlar til investering og bedriftsutvikling i landbruket](#) vart etter jordbruksavtalen i vår endra til det kan løyvast inntil 50% av godkjent kostnadsoverslag for storfeproduksjon, maksimalt kr. 5 millionar pr. prosjekt. I [Rogaland](#) er det semje om at enkelte mjølkekufjøs med høgast prioritet kan få over 40% av kostnadsoverslaget i tilskot. Dette er veldig positivt for dei geografiske områda og prioriterte gruppene dette vil gjelde. Eit realistisk nivå på Jæren er nok likevel mellom 25-35%.

Mentorordninga i landbruket

Som fersk bonde kan det vera greit å ha ein erfaren kollega til å diskutere og lufter faglege spørsmål og praktiske løysingar med. Ofte kan personar utanom eigen familie bringe inn nye vinklingar og idear. Gjennom mentorordninga i landbruket organisert av Norsk Landbruksrådgiving kan du få ein mentor i eit år til å støtte og rådføre deg med. Tilbodet er gratis for ny bonde. Søknadsfrist 01.12.2023 for å delta i 2024. Les [meir](#).

Kurs i heilhetlig beiteplanlegging og drifts- og gardsstyring

Norsk Landbruksrådgiving Rogaland arrangerer ny runde med kurset i heilhetlig beiteplanlegging og drifts- og gardsstyring – Holistic Management. Gjennom kurset lærer du å utvikle din eigen heilhetlige samanheng for betre styring av eiga verksemd, samt at du får kunnskap om verktøy for heilhetlige avgjersler, praktisk økonomisk driftsplanlegging og beiteplanlegging. Kurshaldar er Anders Lerberg Kopstad. Kurset går over 3 samlingar à 3 dagar. Dei tre samlingane bygger på kvarandre, og du bør delta på alle. Påmeldingsfrist 01.12.2023. [Les meir og påmelding](#).

Kurs, autorisasjon for kjøp og bruk av plantevernmidel

NLR Rogaland arrangerer kurs for fornying av bevis og bevis for første gong desse stadene: Bryne, Forsand, Helleland, Ølen og Haugesund. Datoar og link til påmeldingsskjema finn du på [kalender autorisasjon plantevern NLR Rogaland](#). Sjå også [meir info om kurs plantevern NLR Rogaland](#).